

**Fleire lokale nett- og papiraviser har gode referat frå formannskapsdrøftinga av skulestruktursaka i Kvinnherad torsdag. Der har fleire aviser skrive at eg har snudd i skulesaka, og at eg no går inn for å halda på noverande skular, med unnatak av på Halsnøy, der det for fleire år sidan vart vedteke å slå saman Halsnøyskulane.**

Og sidan fleire har vore opptekne av kva side eg skulle 'detta' ned på, vil eg gjerne ha med nokre forklaringar og nyanseringar ved ordet snudd, som andre enn eg har lyst til å bruka. Sjølv vil eg kalla det å ta stilling til kvar utgreiing som har vorte lagt fram i ulike kommunestyreperiodar.

Det rette er at etter ei liknande og grundig utgreiing av rådmannen i førre kommunestyreperiode, drog eg under tvil den slutninga at fleire argument, spesielt på den økonomiske sida, tala for samanslåingar av fleire skular. Halsnøyskulane vart då vedteke skulle slåast saman.

Før denne siste utgreiinga nullstilte eg meg for å vera heilt open. Derfor kunne det gå begge vegar for meg - alt etter korleis eg sjølv tolka Bolandsnemnda og rådmannsinstillinga.

Eg har heile tida sagt at eg ville leggja vekt på eit resultat som synte ein økonomisk noko rimelegare skulestruktur - då kanskje med færre skular, klassar og lærarar?! Ved sida er også eg oppteken av at vi får ein skule som får ei heving av skuleresultata og ein god undervisningskvalitet samanlikna med andre skular og kommunar i fylket.

Det tredje kravet mitt er at vi må kunna seia at vi framleis har livskraftige og attraktive bygder med nokre av dei gamle grunnpilarane og kulturen igjen.

Økonomien har vore særst viktig for mange politikarar. Men Bolandsutvalet, som har gjort eit godt arbeid, bad for eit halvt år sidan om eit endra mandat, der det ikkje skulle leggjast så mykje vekt på den økonomiske sida. Altså vart det sagt frå 'eksperthald' at dei sjølve tvilte på hovudmålet med heile utgreiinga - betra økonomien til kommunen i nær framtid og på litt lengre sikt.

Ved sida av det er det andre som stiller spørsmål om det både driftsmessig og investeringsmessig er noko å spara på samanslåinga på Halsnøy. Om det er rett: Kva så med dei andre aktuelle samanslåingane? Det same?

Det usikre med den økonomisk sparing og betre skulekvalitet har gjort at eg denne gongen under sterk tvil, har falle ned på å halda på dagens skular. Utgreiinga har altså ikkje overtyda mange av oss om fordelar med skuleforandring. Ved sida av det seier Regjeringas Soria Moria 2-erkæringa ein del om talet på elevar for kvar lærarar og mobbing, som også Kvinnherad må ta omsyn til i framtidsplanlegginga.

Sjølv om eg no trur at det vert eit fleirtal for å halda på noverande skular, har eg full respekt for både rådmannen og politikarar som dreg ein annan konklusjon enn meg. For begge sider sin del er konklusjonane, som vert trekt, meir eller mindre kvalifisert syensing - for meg også. Og for min del endar det til fordel for noverande skular!!

Torfinn Myklebust